

RØLDAL FJELLSTYRE



ÅRSMELDING 2017

INNHALD:

- 1. Røldal statsallmenning**
- 2. Røldal fjellstyre**
- 3. Hytter og stølar**
- 4. Villreinjakt**
- 5. Småviltjakt**
- 6. Fiske**
- 7. Ymse**
Røldalsmarknaden

1. Røldal statsallmenning

Røldal statsallmenning ligg I Odda kommune I Hordaland fylke og er omlag 330 000 dekar høgfjell. Delar av allmenningen ligg innanfor Hardangervidda nasjonalpark. Noko av allmenningen ligg sør for E-134 over Haukeli. Mykje av allmenningen ligg langt frå allfarveg. Fjellstyret har 4 hytter som ålmenta kan nytte og 3 stølar. Stølane vert utleigde saman med beite og bidreg til eit aktivt støsliv i fjellet.

2. Røldal fjellstyre

Fjellstyret for perioden 2015 – 2019 har følgjande samansetjing:

Leiar:	Torleif Fresvik	- vara: Jan Øvregård
Nestleiar:	Håkon Småbrekke	- vara: Ellen Drangevåg
Styremedlem:	Randi T. Legård	- vara: Oddbjørn Lynghammer
Styremedlem:	Anne Marie G. Rabba	- vara: Oddvar Småbrekke
Styremedlem:	Dag Sverre Ekkje	- vara: Lars O. Seim

Helleik Rabbe sat i styret fram til hausten 2017 då han søkte fritak for vervet. Dette vart innvilga og Dag Sverre Ekkje vart vald.

Fjellstyret har hatt 9 styremøte i 2017 og handsama 48 saker. Fjellstyreinformasjon ligg på heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH). Sal av småviltjakt- og fiskekort har vore på Shell i Røldal, turistinformasjonen og Haukelisæter turisthytte. I tillegg har det vore selt kort for fiske, småvilt og reinsjakt på Inatur.no.

Røldal fjellstyre har følgjande samarbeidspartar:

Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH),

7 fjellstyre er med her:

Røldal fjellstyre

Odda fjellstyre

Ullensvang fjellstyre

Ulvik fjellstyre

Eidfjord fjellstyre

Øvre Numedal fjellstyre

Rauland fjellstyre.

I tillegg er Hardangervidda Grunneigarsamskipnad med med ein liten eigarandel.

Noregs Fjellstyresamband (NFS).

Alle fjellstyra i Norge er med i NFS (94 fjellstyre).

3. Hytter og stølar

Hyttene kan nyttast av bygdefolk heile året. Hyttene er utstyrt omlag som ei turisthytte.

Hytteleige: Innanbygds: kr. 50,- pr. døgn

Utanbygds: kr. 100,-

Oppbevaringsboks: kr. 200,- pr. år

Hytteleige og bokseleiga betalast på bankgiro.

Fjellstyret køyrer inn ved og gass på snøføre og hentar søppel.

Hytter:

Ninive 1202 m.o.h

Hytta ligg ved Holmavatnet ved stien som går til Litlos, er ca. 30 m² og har 6 senger.

Eriksbu 1167 m.o.h

Eriksbu finn me ved Hellevatnet like sør for Sandvikenuten, er ca. 35 m² og har 12 senger.

Gambleua 1167 m.o.h

Hytta finn me i vestenden av Hellevatnet, like nord for turisthytta, er ca. 25 m² og har 6 senger.

Ulevåbotnen 976 m.o.h

Stølen ligg ved vestenden av Ulevåvatnet. Der er fjøs, sel og vedaskut.

Denne har no fått status som fjellstyrehytte og skal når leigekontrakta går ut i 2018 driftast vidare som fjellstyrehytte.

Stølar:

Ståvassvika, Midtfjellsvollen og Hadlene har 10-årskontraktar for å tilfredsstilla krav for å kunna oppretta beitelag.

Ståvassvika 976 m.o.h

Stølen ligg ved Ståvatnet på Haukeli søraust for foten av Sveigen. Der er fjøs, sel og vedaskut.

I mange år har eigedomen vore nytta til sauebeite.

Midtfjellsvollen 976 m.o.h

Stølen ligg ved Ulevåvatnet på Haukeli. Det er plass til meir enn 100 geiter. Drift med geit kvar sommar.

Hadlene 976 m.o.h

Ein modernisert støl med stort fjøs og kokeanlegg for ost ved Ulevåvatnet. Gammalt sel, vedaskut og aggregathus, samt ei lita hytte. Drift med geit kvar sommar.

4. Villreinjakt

Tildelt og felt i 2017

Setesdal-Ryfylke

Tildelt:

2 bukk

8 simle/ungdyr

14 simler

24 kalv

Fellingsresultat Setesdal Ryfylke

	kalv	1 ½ år	2 ½ år og eldre	I alt
Hanndyr	0	2	2	4
Hodyr	0	0	2	2
I alt	0	2	4	6

Hardangervidda

Tildelt:

86 bukk/frie dyr

160 simle/ungdyr

160 kalv

Fellingsresultat Hardangervidda

	Kalv	1 ½ år	2 ½ år og eldre	I alt
Hanndyr	1	5	28	34
Hodyr	2	2	9	13
I alt	3	7	37	47

Prisar på fellingsløyve for rein

	Innanbygds:	Utanbygds:
Fritt dyr	1400,-	2800,-
Simle/ungdyr	900,-	1800,-
S/U m kalv	1100,-	2200,-
Kalv	400,-	800,-

Samjaksavtalar

Innanbygds- og utanbygds jegrar som har løyst jaktkort på villrein på Røldal Statsallmenning HA-280 kan nytta private kort frå HA-290 og HA-300 på heile Røldal Statsallmenning frå og med 20. august kl. 0700 tom 30.september kl. 1900.

I tillegg kan alle som har jaktkort på HA290 og HA300 jakte på den delen av Røldal Statsallmenning som ligg vest for turiststien (Haukelisæter-Litlos) mellom Telemark grense i sør og grensa mot Ullensvang SA i nord

Røldal Fjellstyre set ikkje andre vilkår for avtala. Ein føreset at avtala vert gjensidig.

5. Småviltjakt

Det var ikkje jakt på rjupe i 2017 pga låg bestand.

Prisar for småviltjakt Røldal SA:

	Utanbygds	Innanbygds
Årskort:	1200,-	600,-
Vekekort:	600,-	300,-
3 døgn:	400,-	200,-
2 døgn:	300,-	150,-
Døgnkort:	190,-	95,-

6. Fiske

Prisar:

Garnfiske

Sesong kr. 250,- (innanbygds, gjev og rett til stongfiske)

Stong

1 døger kr. 50,-
3 døger kr. 100,-
Veke kr. 150,-
Sesong: kr. 300,-

Me har felles fiskekortordning med dei andre fjellstyra på Hardangervidda.

Det vart sett ut fisk i desse vatna i 2017: Trossovtjørna, Øvre og Nedre Langevotna, Høsingvatnet, Skurvevatnet, Vassdalsvatnet, Tangensjøen og Holmavatnet.



7. Ymse

Røldalsmarknaden

Vi hadde som vanleg stand under Marknaden med søknadskjema for jaktkort og annan informasjon. I tillegg hadde vi bogeskyting som Hardangervidda Fjelloppslyn var ansvarleg for. Det vart dela ut diverse reklamemateriell til besøkjande.

Fjellstyret takka alle for dugnadsinnsatsen i 2017.

Røldal februar 2018

Torleif Fresvik
Leiar

Sveinung H. Olsnes
Fjelloppslyn/sekretær